



SYKKYLVEN KOMMUNE
KOMMUNEDELPLAN FOR
STRAUMGJERDE
2017-2028

PID15282016006
03.09.2017

Planomtale
med risikovurdering



Foto framside: Sykkylven kommune

Innhald

1	Bakgrunn for planarbeidet.....	5
2	Kommunale mål	6
3	Nasjonale og regional føringar	7
4	Medverknad	8
5	Dagens situasjon i planområdet	10
5.1	Arealbruk	11
5.2	Kjerneområde landbruk.....	12
5.3	Møteplassar og leikeområde	13
5.4	Friluftsområde	14
5.5	Kulturminne	15
5.6	Trafikkforhold	16
5.7	Naturmangfald	17
6	Samfunnstryggleik.....	18
6.1	Verksemdsrisiko.....	18
6.2	Naturrisiko	19
6.2.1	Ustabil grunn	19
6.2.2	Stormflo	20
6.2.3	Skredfare og flodbølgeoppskylling	20
6.2.4	Flaumfare	21
6.3	Sårbare objekt.....	22
6.4	Beredskapstiltak	23
6.5	Støy.....	24
7	Om planforslaget	26
7.1	Hovudgrep i planforslaget	26
7.2	Universell utforming.....	26
7.3	Samordna bustad, areal og transportplanlegging	27
7.4	Samfunnstryggleik	27
7.5	Naturmangfald	27
7.6	Folkehelse	27
7.7	Barn og unge	27
7.8	Arealbehov.....	28
7.8.1	Bustadbehov	28
7.8.2	Behov for areal til offentlege føremål.....	28
7.8.3	Behov for næringsareal.....	28
7.9	Plantema.....	29
7.9.1	Bustadar	29
7.9.2	Fritidsbustadar, rorbuer og naust	29
7.9.3	Forretning, næring og tenesteyting	29
7.9.4	Råstoffutvinning	30
7.9.5	Transport og infrastruktur	31
7.9.6	Grøntstruktur	31
7.9.7	Landbruk-, natur- og fritidsområde (LNF).....	31
7.9.8	Landbruk-, natur- og fritidsområde (LNF) – for spreidd busetting	31
7.10	Omsynssoner (PBL § 11-8).....	32
7.11	Arealrekneskap.....	32
7.12	Reguleringsplanar som framleis skal gjelde (PBL § 11-8 pkt f)	33
7.13	Oppheving av eldre planar	33

1 Bakgrunn for planarbeidet

Kommunestyret vedtok i planstrategi for 2012-2016 (Kst-sak 5/12) å starte rulling av Kommunedelplan for Straumgjerde i 2015.

NU vedtok planprogram i sak 59/15 og kunngjering av oppstart vart gjort i desember 2015.

Kommunedelplan for Straumgjerde vart vedtatt i 2003, for perioden 2003-2014. Planen er utarbeida etter gamal plan- og bygningslov (PBL 1985). Det er behov for oppdatering av planen til ny plan- og bygningslov.

Det er også behov for tilpassing og samordning av delplanen til kommuneplanen, arealdelen frå 2013. Samordna regelverk for heile kommunen gir auka forutsigbarhet og forenkler plansituasjonen for alle partar.

Plan- og bygningslova (PBL)

PBL § 11-1 «Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel og arealdel.»


PBL § 11-5 «Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk (....) Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk er ivaretatt.»

Kommune(del)planens arealdel er juridisk bindande (PBL § 11-6). I område der det ikkje ligg føre eller er stilt krav om reguleringsplan (jf. § 12-1 andre ledd), skal kommuneplanens arealdel fylgjast ved behandling av søknad om tiltak etter PBL § 20-1 første ledd.

Planområdet

Planområdet omfattar tettstaden Straumgjerde og strekker seg ut Sykkylvsfjorden til Tandstad på austsida og til og med Riksheimgjerde på vestsida.

Utstrekninga er i hovudsak som gjeldande kommunedelplan for Straumgjerde, med mindre justeringar i avgrensinga mot omkringliggande Kommuneplan, arealdelen for å få ein meir heilskapleg plan for Straumgjerde.



2 Kommunale mål

PLANPROGRAM FOR RULLERING AV KOMMUNEDELPLAN STRAUMGJERDE

I planprogrammet for rulleringa (vedtatt 15.02.2016) er det gjort greie for formål, bakgrunn og viktige føresetnader for rulleringa.

Oppgradering til ny planlov og samordning av regelverk med kommuneplanen frå 2013 er sentrale element.

Ein vil legge til rette for at tettstaden Straumgjerde skal kunne vekse og utvikle seg i tråd med overordna målsetting om ein levande kommune med aktive og

SAMFUNNSPLAN (2011)

Overordna mål er nedfelt i Samfunnsplan for Sykkylven kommune – Skaparglede (2011-2026).

Gode og varierte bumiljø i heile kommunen er ei sentral målsetting. For å oppnå det må vi mellom anna:

Sikre gode tomtetilbod i heile kommunen

Skape bumiljø som stimulerer til god folkehelse

Skape eit trygt samfunn

Gode møteplassar, trivsel og friske folk er ei anna sentral målsetting, saman med tilrettelegging for eit aktivt næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar til innbyggjarane.

Gjennom kommunedelplanen legg vi arealmessige føringar som skal medverke til at vi oppnår desse målsettingane.

KOMMUNEPLAN AREALDELEN (2013)

Ny arealdel til kommuneplanen vart vedtatt i 2013. Eit viktig element i rulleringa av Straumgjerdeplanen er samordning av planverket vårt. Straumgjerdeplanen er laga etter gamal plan- og bygningslov, og har både ei kartmessig framstilling og føresegnar som ikkje samsvarar med den nyare kommuneplanen.

Med tanke på praktisk bruk og for å skape likt regelverk og like rammevilkår i heile kommunen, er ei oppgradering og samordning naudsynt.

KOMMUNALE TEMAPLANAR:

Kommunedelplan for klima og energi (2010)

Bustadosial handlingsplan (2016)

Landbruksplan (2016)

GRUNNLAGSDATA

Barnetrakk-kartlegging (2014)

ROS-analyse (rev 2015)

NVE – skredfarekartlegging Sykkylven (2015)

Kartlegging av biologisk mangfald (2011)

Kjerneområde landbruk (2007)

3 Nasjonale og regional føringar

Gjennom forventningsdokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2015) peikar regjeringa på ein del omsyn kommunane bør legge særleg vekt på i si planlegging for å gjennomføre nasjonal politikk.

Regjeringa forventar at kommunane har eit særleg fokus på:

- gode og effektive planprosessar,
- berekraftig areal- og samfunnsutvikling og
- attraktive og klimavennlige by- og tettstadsområder.

Forventningsdokumentet er ikkje uttømmende for alle oppgåver og omsyn kommunane skal ivareta etter plan- og bygningslova.

Føringar for lokal arealplanlegging framgår elles av ei rekke andre statlege og regionale dokument, til dømes (lista er ikkje uttømmende):

- Rikspolitiske retningslinjer (RPR), Barn og planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for samla areal- og transportplanlegging
- Miljøverndepartementet, rundskriv T-4/96: Planlegging og ressursutnytting i kystsona.
- Miljøverndepartementet, rundskriv T-5/99 B: Tilgjenge for alle
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging.

- Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig, -areal og transport
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)
- Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter
- Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv
- Statens vegvesen, Møre og Romsdal, rammeplan for avkjørsler
- Møre og Romsdal fylkeskommune:
 - Fylkesplan 2013 – 2016
 - Regional delplan for kulturminne
 - Regional delplan for attraktive byar og tettstadar
 - Regional delplan for klima og energi
 - Regional delplan for folkehelse

4 Medverknad

Planprosess fram til 1.handsaming

I planprogrammet vart det vedtatt følgjande prosess fram til ferdig plan (innbyggarmedverknad i **utheva** skrift):

Desember 2015	Kunngjering oppstart. Høyring planprogram høyringsfrist: 28.01.2016
Januar 2016	Folkemøte
	Vedtak planprogram . 15.02.2016
Januar –okt 2016	Utarbeide planforslag, utgreingar, mm. Plansamarbeid med Tandstad skule. Møte med råd for funskjosnhemma, eldreråd og ungdomsråd. Andre innbyggjarar, lag og org. etter behov.
Nov 2016	Politisk handsaming. Vedtak om utlegging til høyring.
Desember-Januar 2017	Høyring min 6 veker. Folkemøte Samarbeid med Tandstad skule.
Februar 2017	Handsaming innkomne merknadar.
Mars-april 2017	Politisk handsaming av merknadar. Dersom ingen vesentlege endringar eller motsegner kan planen vedtakast i kommunestyret.
Mai – juni 2017	Eventuell 2.høyring , avhengig av behov for justeringar av plan.

Planprosessen fram til 1.gangs handsaming er gjennomført i samsvar med vedtatt planprogrammet .

Medverknad skal sikre god informasjon om planarbeidet, og gi alle som ynskjer det høve til å påverke arbeidet.

Kommunen har varsla oppstart av planarbeid i lokal avis, på heimeside og kommunal facebookside.

Det er gjennomført folkemøte med informasjon om plan og prosess, og med gruppearbeid. Innspel frå møtet er summert opp i dokumentet *Innspel til planarbeidet*, vedlegg nr.1.

Ved Tandstad skule er det gjennomført elevarbeid der dei eldste klassane har deltatt i planarbeidet. Innspel frå elevane er samla i eige vedlegg. Figuren under syner samla innspelet.

Elevopplegget hadde fokus på attraktive områder for born, fareområder og lokalisering av ulike typar nye byggeareal. Arbeidet har fungert som ei oppdatering av barnetrakk-kartlegginga frå 2014. Borna har gitt sine innspel uavhengig av gjeldande reguleringsplanar.


Metoden gir kunnskap og synspunkt frå barn samtidig som dei lærer om planprosessar. Når planforslaget er klart til utlegging skal forslaget takast opp i elevgruppa på nytt.

Innspela frå elevane er vurdert og brukt på ulikt vis i planforslaget. Verdifulle områder, og fareområder er, saman med barnetrakkartlegginga, viktige moment det er søkt tatt omsyn til.

Bustadområder er først og fremst vurdert opp mot kva ein vurderer som reelt behov, reguleringsplanar og innspel frå folkemøte og andre interesserte.


Kommunedelplan Straumgjerde var også case i planforelesing på Sykkylven vidaregåande skule i juni 2016.

Råd og utval har fått tilbod om orientering om planforslaget før første politiske handsaming.



5 Dagens situasjon i planområdet

Straumgjerde er senter i planområdet. Tettstaden har skule, barnehage og butikk. Avgrensinga av tettstaden etter Statistisk sentralbyrå sin definisjon går fram av figuren under.




Tettstadsone 2016, Kjelde: SSB

5.1 Arealbruk

Arealbruken i planområde er prega av spreidd landbruksbebyggelse med tettbygde bustafelt og industri i sentrum.

Tyngda av busettinga er samla i to byggefelt aust for sentrum, reguleringsplan for Straumgjerde (...) og reguleringsplan for Einane (...).
Industri er lokalisert til to områder ved fjorden.




Arealbruk , Kjelde: NOBIO

5.2 Kjerneområde landbruk

Sykkylven kommune kartla kjerneområde landbruk i 2008/09. Kartlegginga vart gjort etter standardisert mal, og identifiserte viktig produksjonsareal og verdifullt kulturlandskap. Registreringa av dyrkajord vart gjort etter fastsette kriterier. For kulturlandskap låg det ikkje føre fastsette kriterier. Vurdering av kulturlandskap var derfor gjort skjønsmessig ut frå landskapsmessig samanheng, tekniske inngrep o.a.

Registreringa går fram av kartutsnitt under.



Teiknforklaring

 Kjerneområde landbruk

Vurderingsgrunnlag for kjerneområde

 Viktig kulturlandskap

 Viktig produksjonsareal


5.3 Møteplassar og leikeområde

Skule og barnehage er sentrale møteplassar og leikeområder.

Nærbutikk og kiosk/kro er viktig møteplassar i lokalsamfunnet. Ungdomshuset Vaarvon og Odd Fellow-lokala er gode møteplassar for heile kommune. Det same gjeld idrettsanlegg, friluftsområde og opparbeida turstiar i planområdet.


Opparbeida leikeplassar finns ved skulen, barnehagen, i byggefelta og i fleire friluftsområde.

Gjennom barnetrakk-kartlegginga har vi kunnskap om andre leikeområde born bruker til lek og aktivitet i friluft.



5.4 Friluftsområde

Ved Straumen er det eit statleg sikra friluftsområde (Naturbasen Id nr 00000338). Området er registrert som viktig, for lokale brukargrupper. Lokale krefter har opparbeida og tilrettelagt området for fiske, bading, grilling mm. Området går fram av figuren under.



Det er lagt ned stor dugnadsinnsats for opparbeiding og merking av turstiar på Straumsheim og turveg langs Fetvatnet. I områda er det laga kvilebu og gapahuk, badeplass, brygge, grillplass mm.

Idrettsanlegg ligg på Slettegjerde med grasbane og klubbhus, samt parkering for friluftsområda.


5.5 Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. I samband med bygging av gang- og sykkelveg langs fylkesveg 60 vart det gitt dispensasjon frå kulturminnelova for to kulturminne som låg i vegtraseen.

Det er 14 SEFRAK-registrerte bygg innanfor planområdet. Av desse er 5 registrert som meldepliktige etter Kulturminnelova § 25.

Registrerte kulturminne frå nyare tid er ungdomshuset Vaarvon og diktarhytta etter Henrik Straumsheim ved Fetvatnet.

Ein manglar kunnskap om marine kulturminner innanfor planområdet.




5.6 Trafikkforhold

Fylkesveg 60 på nordsida av Sykkylvsfjorden er hovudfartsåre i planområde. Fylkesvegen har ein årsdøgntrafikk på 2840 (2015). Kommunal veg går på vestsida av fjorden til Ikornnes.

Det er bygt gang/sykkelveg eller fortau langs ca 1,1 km av Fv60 gjennom Straumgjerde. Det er tre gangfelt i sentrum.

Det er ikkje definerte særskildte ulykkespunkt, men det er registrert ulykker knytt til Fv60 i planområdet (vegdatabanken) .

Gjennom barnetrakkkartlegging (2008 og 2014) har vi informasjon om utrygge trafikkpunkt sett frå barna sin ståstad (merka med **raud** stjerne i kart under).



5.7 Naturmangfald

Naturbasen gir oversikt over registrerte naturverdiar innanfor planområdet.

Indre delar av Sykkylvsfjorden registrert som naturtype – ålegrassamfunn med verdi A – Svært viktig. (Miljødirektoratet Naturbasen område ID BN00105414).

Registrerte arter av nasjonal forvaltingsinteresse er


- Laks – Fetvassdraget
- Fjordskjørbuksurt
- *Fucus cottonii* (alge)
- Sandsvale

Laks og algefunn er knytt til elv/sjø. Skjørbuksurt og sandsvale er kartfesta i bebyggt område, med låg presisjon. Nye byggeområder kjem ikkje i konflikt med registreringane.

Elveosen, strandsona og grunt fjøreområde innst i fjorden er registrert som beiteområde for vadefugl.

Langs Fv60 er det registrert fleire forekomst av den uønska, svartlista arten platanlønn.

Det er elles ikkje registrert andre forekomstar av stor forvaltningsmessig interesse innanfor planområdet.



Ålegrassamfunn Kjelde: Naturbasen



Arter av nasjonal forvaltingsinteresse Kjelde: Naturbasen

6 Samfunnstryggleik

Grovanalyse risiko og sårbarheit Sykkylven kommune

Data er henta frå rapporten *Risiko og sårbarheit - Grovanalyse for Sykkylven kommune (2014)*. Kartmateriell bygg på første utgåve av rapporten frå 2009. Kartutsnitt under syner situasjonen for planområdet. For naturrisiko er det kome nyare kunnskap, dette er kommentert under utsnittet.


Analysen er gjort tematisk for verksemdsrisiko, naturrisiko, sårbare objekt og beredskapstiltak.

Kommunale beredskapsplanar blir oppdatert årleg.

6.1 Verksemdsrisiko

Verksemdsrisiko kartlegg verksemder som kan innebære ein høgare risiko for at farlege situasjonar kan oppstå. I Sykkylven gjeld dette til dømes drivstofflager, kjemikalielager og gasstankar i industribedrifter.

Innanfor planområdet er det registrert ei bedrift med drivstofflager lokalisert på industriområdet på Straumsheim. Anlegget er registrert og blir handtert gjennom kommunen sin delplan mot akutt forureining. Anlegget ligg inne på industriområdet, lett tilgjengeleg og i god avstand frå bebyggelse. Næraste bustadhus ligg 235 m i frå i luftlinje. I dag er det ein tank på 50 m³ (diesel) og ein tank på 10 m³ (fyringsolje) som er i bruk. Bruken av anlegget er redusert siste åra jamfør endra drift på området. Kommunen vurderer anlegget som trygt.




6.2 Naturrisiko

Naturrisiko omfattar ulike naturtilhøve som kan innebære risiko for skader på liv og materielle verdier. I Sykkylven er det særleg rasfare og flodbølgeoppskylling sentrale risikomoment. I samaband med klimaendringar og endra nedbørsmønster er flaum og eit særleg risikomoment for delar av planområdet.

Store delar av planområdet ligg under marin grense og kan vere potensielt fareområde.

6.2.1 Ustabil grunn

Fare for ustabil grunn er særleg knytt til marine avsetningar og fare for kvikkleire. Store delar av planområdet ligg under marin grense (blå stipla linje i kartutsnitt)



NGU sitt lausmassekart syner at grunnen hovudsakleg består av marine avsetningar. Det er og sannsynleg å finne marine avsetningar under elveavsetningane. Førekomst av kvikkleire kan ikkje utelukkast i desse områda.

I planområdet er marine avsetningar og marin grense svært nær samanfallande område. Enkelte innslag av elveavsetningar kan ha potensielle kvikkleireførekomstar under.

6.2.2 Stormflo

Det er utarbeida ein rapport ved Nansensenteret/Bjerknessenteret og Kartverket i høve havnivå og havnivåstigning: «Sea Level Change for Norway: Past and Present Observations and Projections to2100». Med utgangspunkt i denne har Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) utarbeida rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» i 2016.

Ut frå dette grunnlaget er fare for stormflo vurdert til følgjande i ulike sikkerhetsklassar:

Sikkerhetsklasse 1	2,4 m
Sikkerhetsklasse 2	2,6 m
Sikkerhetsklasse 3	2,7 m

Berekningane omfattar ikkje lokale vind- og bølgetilhøve. Berekning av lokale vind- og bølgetilhøve skal vurderast ut frå kunnskap om lokale vind- og bølgetilhøve. Det eksisterer ikkje nokon mal eller normer for dette, noko som gjer vurderinga vanskeleg.

NVE si kartlegging av vind opererer med ei oppløysing på 1x1 km, og er ikkje detaljert nok til å gi kunnskap som kan nyttast i denne problemstillinga.

Ut frå erfaringar frå tidlegare stormsituasjonar med vindskade er det pålandsvind (sørvest-nordvest) som er mest skadegjerande i Sykkylven. I planområdet er størst vindskade knytt til vind ut fjorden. Dette er frålandsvind som genererer lite bølgeskader, men som kan gi bygningsskade på tak og liknande, altså skader uavhengig av kotehøgde og bølgefare. Fjordbassenget i planområdet er skjerma av landformasjonar og grunne botntilhøve yst (Revet). Korte avstandar med open sjø gir vinden lite høve til å bygge opp større bølger.

Kommunen har kontakta nausteigarar inst i fjorden, samt på begge sider yst i planområdet for å kartlegge erfaringar med vind og bølger. Nausta langs fjorden er stort sett plassert frå kote 1 til kote 2. Eigarane opplyser om lite eller ikkje bølgeskader. Der skade har skjedd gjeld det naust plassert ned mot kote 1.

Ut frå dette vurderer kommunen at lokale vindtilhøve ikkje vil krevje ytterlegare sikkerhetsmarginar innafor planområdet.


6.2.3 Skredfare og flodbølgeoppskylling

NGU kartla skredfare i planområdet i 2015. Resultata ligg føre i NVE rapport 34-2015 *Skredfarekartlegging i Sykkylven kommune*.

I samband med flodbølgeoppskylling er det gjort nye berekningar etter 2009. Blå linje i kartet under syner nyaste data frå NVE.

I beredskapssamanheng er det fastsett ei høgare evakueringssone i ein flodbølgesituasjon. Denne er ikkje vist i kartet.

Kartutsnittet under viser nyaste data frå NVE.




Kjelde: NVE Rapport 34 2015 Skredfarekartlegging i Sykkylven kommune

6.2.4 Flaumfare

I samband med klimaendringar er det forventet hyppigare og kraftigare nedbør i åra som kjem. For vårt distrikt er det til dømes berekna 21-30% høgare risiko for at ein såkalla 200-års flaum opptre (Rapporten Klima i Norge 2100)

NVE har berekna aktsemdsoner for flaumfare. Innanfor desse sonene skal det gjerast nærare vurderingar i samband med detaljplanlegging og byggetiltak. Mot sjø er tal for stormflo med havnivåstigning nyttar for å avgrense flaumfare i staden for NVE sitt aktsemdskart.

Kartet under viser berkena aktsemdssone for planområdet.




Kjelde: NVE kartinsyn

6.3 Sårbare objekt

Sårbare objekt i planområder er skule, barnehage og omsorgsbustadar. Nedslagsfelt for drikkevatt går fram av kartutsnitt under. Av nyare dato er reservevassinntak i Fetvatnet eit sårbart objekt. I vegsystemet er særleg brua over Straumen rekna som eit sårbart objekt.

Kartutsnittet under er frå registreringa i 2009. Situasjonen er ikkje endra fram til i dag.




6.4 Beredskapstiltak

Kartlegginga syner viktige element med tanke på god beredskapssituasjon i planområdet.

Kartleggingstema er mellom anna tilgang på sløkkevatn og vassforsyning avhengig av elektrisk pumpe.

Kartutsnittet under er frå registreringa i 2009. Situasjonen er ikkje endra fram til i dag.



6.5 Støy

Statens vegvesen har berekna støysoner langs Fv60. Data vart produsert i 2013 og viser ein prognosesituasjon 10-20 år fram i tid.

På kart er det vist gjennomsnittleg støynivå 4 meter over bakken i to nivå. Raud sone viser nivå > 65 dB, gul sone viser > 55 dB. Sonene går fram av figuren under.

Bakgrunnsstøy skal halde seg innanfor krav i teknisk forskrift TEK 10, det vil seie ikkje overstige 55dB for nye områder.

Nye tiltak innanfor gul sone må dokumentere støydempende tiltak for å tilfredsstille krava i teknisk forskrift. I planområdet gjeld dette byggeareal langs Fv60.



7 Om planforslaget

Planen består av:

- Planomtale
- Plankart
- Føresegner
- Konsekvensvurdering av innkomne forslag.

Plankartet utgjør saman med planføresegnene dei juridisk bindande dokumenta av kommunedelplanen. Til saman viser desse hovudtrekka i den framtidige arealdisponeringa og set rammer for nye reguleringsplanar og behandling av søknad om tiltak. Dokumenta skal gje forutsigbarheit for innbyggjarar, grunneigarar og utbyggjarar.

Planføresegnene er generelle og tematiske, knytt til arealformål og knytt til omsynssoner. Lovheimel er oppgitt for kvart punkt og refererer til plan- og bygningslova 2008 (PBL) der anna ikkje er oppgitt. Føresegner står i grå boks.

Retningslinjer er nytta for å utdjupe og gje tolkingsgrunnlag for innhald i føresegnene. Retningslinjene er ikkje sjølvstendig heimelsgrunnlag for vedtak, men kan vere av opplysende karakter og vere retningsgjevande som vurderingsgrunnlag for plan- og byggesaksbehandling. Retningslinjer står som vanleg tekst utanfor grå boks.

Plankartet viser noverande og framtidig arealbruk. At arealbruk er vist som noverande treng ikkje bety at arealet er tatt i bruk til vist arealføremål, men at vedtak om arealbruken er gjort før rullering av kommuneplanen ved vedtak av reguleringsplan eller godkjenning av tiltak utan plan.

7.1 Hovudgrep i planforslaget

Planforslaget samordnar regelverket med kommuneplanen, arealdelen frå 2013.

Planforlaget legg opp til ei forsiktig utviding av bustadområde sentralt i Straumgjerde for å kunne utnytte eksisterande infrastruktur best mogleg. Sentrumsnære tomter vert vurdert som potensielt meir attraktive og ein stimulans for ny busetting.

Bustadområdet Hjellane vert vurdert som for perifert, kostbart og urealistisk innanfor ein planhorisont på 10-12 år. Området vert tatt ut av plan og ført tilbake til LNF.

Det er søkt å oppretthalde ein fleksibilitet i planen gjennom blanda føremål bustad/næring som i eksisterande plan, nå med tillegg av tenesteyting, for sentrumsområdet.

I plankartet er føremål som er vidareført frå gjeldande plan (2003) vist som eksisterande arealbruk, sjølv om ikkje alt er utbygt enno.

7.2 Universell utforming

Prisnipp om universell utforming skal leggst til grunn ved all plansaker, ved planlegging og utbygging av publikumsretta bygg, alle kommunale bygg og offentlege eller felles private anlegg og uterom.

7.3 Samordna bustad, areal og transportplanlegging

Planen legg opp til ei forsiktig fortetting ved å flytte nye byggeareal nærare skule, barnehage, butikk og kollektivknutepunkt. Nye felt er innanfor gangavstand til sentrumsfunksjonar og ligg terrengmessig til rette for universell utforming.

7.4 Samfunnstryggleik

Utbyggingsareal er søkt lagt utanom risikoutsette områder. Der dette ikkje er råd på grunn av naturgjevne tilhøve er det gjennom føresegnene pkt 2.1.2 sett krav om nærare risikovurdering i samband med detaljregulering og byggesak.

Dette gjeld særleg tiltak som kjem under marin grense med auka risiko for ustabil grunn, og tiltak i område som er flaumustsett eller utsett frå oppskylling etter fjellskred i Åkneset.

For ustabil grunn viser rettleiar 7/2014 frå NVE til trinnvise vurderingar for auka presisjonsnivå ved avgrensing av aktsemdsområder. Grovaste avgrensing er marin grense. Vidare avgrense (innskrenking) av aktsemdsområde kan vere til områder med marine avsetningar. Ytterlegare analysar kan skje ved terrengeanalyse, grunneundersøkingar osb.

I planområdet er marine avsetningar og marin grense svært nær samanfallande område. Enkelte innslag av elveavsetningar kan ha potensielle kvikkleireførekomstar under.

Relativt store areal er lagt ut som område for spreidd busetting. Byggeområde omfattar både nytt og ubyggt areal innanfor eksisterande område. Kommunen vurderer det som omfattande å gjere detaljerte vurderingar med innleigd kompetanse på dette plannivået. Kommunen ser det som tenleg å knyte krav til nærare undersøking opp til detaljplanlegging .

Omsynssone H310 er lagt inn i plankartet for areal under marin grense, med krav i føresegner om grunnundersøking ved detaljregulering/byggesak.

Tiltak i skredustsette områder må tilfredsstillе krava i byggteknisk forskrift.

Naust (tryggleiksklasse 1) har krav om minste kotehøgde på 2,4 moh. Bygging under må dokumentere byggteknisk konstruksjon som kan tåle oppskylling.

7.5 Naturmangfald

Nytt byggeareal i planforslaget er ikkje i konflikt med registrerte verdifulle naturverdiar. Hensynssone H560 er nytta på registrerte verdifulle naturtype i planområdet (Ålegrassamfunn – Sykkylvsfjorden). Planen legg ikkje opp til ytterlegare utfyllingar i strandsona registrert som vår-/vinterbeite for sangsvane.

7.6 Folkehelse

Planen sikrar viktige friluftsområder og turveggar. Det er lagt inn gangveggar langs hovudvegnettet. Bustadbygging er samla sentralt innan gangavstand til skule/barnehage/butikk og kollektivtrafikk.

7.7 Barn og unge

Ved utforming av planen er det tatt omsyn til barns interesser, jfr barnetrakk-kartlegging og samarbeid med Tandstad skule.

Krav til uteareal, leikeplassar mm vert samordna med kommuneplanen frå 2013. Sikring av viktige friluftsområde er vidareført og utvida frå gjeldande plan.

7.8 Arealbehov

7.8.1 Bustadbehov

Folketalet i Straumgjerde har vore svært stabilt kring 600 personar busett i krinsen dei siste 15 åra. Det er eit mål å oppretthalde og auke folketalet i åra framover.

Isolert sett tilseier ikkje utviklinga eit stort bustadbehov i krinsen. Ut frå målsettinga om oppretthalde og auke folketalet er det derimot viktig å satse på attraktive tomteareal som kan stimulere til auka byggeverksemd i større grad enn tilgjengeleg areal i dag. Meir sentrumsnært og knytt til eksisterande infrastruktur kan vere viktige moment. Av den grunn er nye byggeareal lagt meir sentrumsnært enn tidlegare og bustadfeltet Hjellane (B3 i gjeldande plan) er tatt. Sentrumsområda SE1 – SE6 legg til rette for arealeffektiv bustadbygging i mogleg kombinasjon med næring.

Ein må ta høgde for ein generell utvikling med færre personar i kvart hushald, og auka behov for mindre bueiningar nær viktige funksjonar som skule, barnehage, butikk og kollektivtransport. Planen flyttar derfor utbyggingsareal frå utkant til sentrum.

7.8.2 Behov for areal til offentlege føremål

Med utgangspunkt i dagens arealsituasjon for skule og barnehage, og forventa folketalutvikling er det vurdert at areal til tenesteyting har tilfredsstillande kapasitet for planperioden.

Eit areal vest for Fv60 avsett til offentleg eller privat tenesteyting i gjeldande plan, er endra til sentrumsføremål - blanda føremål i nytt planforslag.

Sentrumsområdet er avsett til Sentrumsføremål, ein arealbruk som opnar for tenesteyting, næring, bustad og andre naturlege sentrumsfunksjonar. Dette gir rom for ein fleksibel arealbruk som kan tilpassast ulike behov og endringar over tid.

7.8.3 Behov for næringsareal

I gjeldande plan (2003) er de sett av to næringsareal innanfor planområdet.

Området på Straumsheim er utfyllt i samsvar med plan og utbygt med næringsbygg. I skrivande stund er eit større næringsbygg i området ledig og det er ein eigedom på ca 4 da som ikkje er utbygt.

Industriområde ved kaien er ikkje fult utnytta. Ca 4,5 da eksisterande utfyllt areal er ikkje tatt i bruk. I tillegg opnar gjeldande plan (2003) for ytterlegare utfylling av 6-7 da i sjø.

I nytt planforslag er industriområda beholdne uendra. Ein vurderer allereie vedtatt næringsareal som tilstrekkeleg innanfor ein planhorisont på 10-12 år.

Innanfor sentrumsareala SE1 - SE6 legg planen til rette for fleksibel arealbruk med mellom anna næring og bustad i kombinasjon. Areala omfattar eksisterande næringsbygg i sentrumsområdet, samt eitt ubebygd areal (SE6).

7.9 Plantema

7.9.1 Bustadar

Eksisterande bustadar er i stor grad samla innanfor reguleringsplanane Straumgjerde (1977) og Einane (1986). Hagarden vart regulert som nytt bustadfelt i 2002.

I Einane er det pr dato 2 tomter øvst i feltet ledige.

I Hagarden er det 10 ledige tomter. 6 av desse er byggeklare med teknisk infrastruktur opparbeida. For 3 einebustadtomter og 1 rekkehustomt er opparbeiding utsett i påvente av auka etterspørsel.

I planforslaget er bustadfelt på Hjellane (B3 i gjeldande plan) tatt ut. Dette ut frå avstand til skule, barnehage, butikk og kollektivtransport, og høge utbyggingskostnader.

Nytt område for bustadbygging er foreslått som mindre utviding av eksisterande utbyggingar meir sentralt i Straumgjerde (BU1).

I tillegg til avstandar vil ein kunne nytte eksisterande infrastruktur i større grad.

Innanfor areal avsett til sentrumsføremål (SE1-SE6) kan det etablerast nye bustadar i kombinasjon med næring, tenesteyting, mm.

Område for spreidd busetting på Riksheimgjerdet (SB10) i kommuneplanen, arealdelen (2013), er inkludert og vidareført i nytt planforslag for Straumgjerde. Avgrensinga er trekt sørover mot industriområdet på Straumsheim. Føresegnene for dette området vert uendra jfr. Kommuneplanen.

7.9.2 Fritidsbustadar, rorbuer og naust

Det er ikkje sett av areal til fritidsbustadar i planområdet. Det var ikkje tema i gamal plan og det har heller ikkje kome ønske om dette i prosessen.

Det er sett av eitt areal til rorbuer på Tandstad. Arealet ligg i tilknytting til eksisterande naustområde.

Naustområde frå gamal plan er behalde. Der det er bygd to eller fleire naust samla er desse avsett som eksisterande naustområde i ny plan, i tråd med faktisk arealbruk.

7.9.3 Forretning, næring og tenesteyting

Ny plan gjer endringar for sentrumsareala. Gjeldande plan (2003) har blanda føremål forretning/bustad i sentrum. Blanda føremål er ikkje i tråd med gjeldande reglar. I planforslaget er arealet lagt ut som sentrumsføremål (SE1-SE6). Det betyr opning for fleksibel arealbruk i sentrumsområdet. Areal er avgrensa noko jamfør tidlegare plan. Område for sentrumsføremål er

tilpassa eksisterande næringsbygg. Reine bustadeigedomar er avsett som eksisterande bustadområde i plankartet.

I føresegnene er arealavgrensingar i samsvar med Riskpolitiske bestemmelsar om kjøpesenter tatt inn.

Område for tenesteyting vest for Fv60 i sentrum er endra til sentrumsføremål (SE6), med tanke på ein meir fleksibel plansituasjon.

Skule og barnehage vert vurdert til å ha ein tilfredsstillande arealsituasjon.

Området kring ungdomshuset Vaarvon er, etter ønske frå ungdomslaget, utvida med sikte på framtidig utviding av parkeringsareal. Huset er totalrenovert og utvida og framstår i dag som eit aktivt og attraktivt kulturhus for heile kommunen, med behov for større parkeringsareal.

7.9.4 Råstoffutvinning



Planområdet berører ein liten del av ein større grusressurs på Erstad, heilt nord i planområdet. Ressursen er registrert som *svært viktig* (NGU) – sjå figur.

Denne delen av plankartet overlappar kommuneplanen frå 2013, og vert utforma i samsvar med denne. Berørt areal er lagt ut som LNF-område med omsynssone H190 - Sikringssone for mineralressursar i plankartet.



I tidlegare plan ligg eit område for råstoffutvinning på Straumsheim. Uttaket er avslutta og området er i dag planert og tilsådd. Uttaket inngår i ein kartlagt grusforekomst vurdert som *viktig forekomst* (NGU) – sjå figur.

Området er tatt ut av plan og inngår no i LNF-område. Innanfor LNF-området er det ikkje lov å føre opp nye bygningar. Sidan ressursen er avslutta og tilstelt, og vurdert til lågare verdi enn ressursen på Erstad, vurderer kommunen utlegging som LNF-område som tilstrekkeleg sikring.



Eit nytt areal for råstoffutvinning på Tandstad er tatt inn i plan. Ressursen er ikkje registrert i nasjonalt grusregister, men er tidlegare nytta til husbruk av grunneigarane.

Den er ikkje i konflikt med registrerte natur-, kultur- eller miljøverdiar (sjå konsekvensutgreiing).

7.9.5 Transport og infrastruktur

Planforslaget legg opp til ei forsiktig fortetting av dagens utbyggingsmønster. Dette gir nærleik til kollektivtransport og høgare utnytting av eksisterande infrastruktur.

Det vert lagt opp til ny trafikktrygg tilkomst til bustadar nord for kaiområdet.

Med tanke på betre tilrettelegging for sykkelbruk vert det vist gang/sykkelveg langs Fv60 nordover frå Straumgjerde i samsvar med gjeldande plan (2003). Sykkelsamband mellom Straumgjerde og sentrum er eit langsiktig tiltak kommunen vil arbeide for å realisere.

7.9.6 Grøntstruktur

I Straumgjerde er det lagt ned eit stort dugnadsarbeid for opparbeiding av turstiar (Folkestiar), attraktive grøntområder og idrettsanlegg.

Frømråda langs Straumen, Folkestiane, turveg langs Fetvatnet og idrettsanlegget på Slettegjerde er tatt inn i plan som *Frømråde* og *Turveg*, og som *Omsynssone friluftsliv*.

Frømråde mellom Fv60 og Fetvatnet frå sentrum sørover mot Stongarneset er justert noko. Eksisterande utbygt areal der eldre bustadar er etablert i heilt strandsona vert avsett som bustadområde i ny plan.

7.9.7 Landbruk-, natur- og fritidsområde (LNF)

Inngrep i dyrka og dyrkbar jord er søkt minimert, jfr. nasjonale mål og nyleg vedteken landbruksplan (2016). Kjerneområde for landbruk er kartlagt, sjå side pkt 5.2 side 12.


Planen inneheld ei mindre utviding av byggeareal. Dette er gjort i område utanfor kartlagt verdifull dyrkajord.

Samla omfattar dei 4,5 da dyrkajord.

LNF-områda er utvida i høve gjeldande plan. Tidlegare massetak og tidlegare byggeområde B3 på Hjellane er ført tilbake som LNF-område. Massetaket er i dag registrert som dyrkajord, bustadfelt B3 er skogsmark.

7.9.8 Landbruk-, natur- og fritidsområde (LNF) – for spreidd busetting

Område for spreidd busetting er tatt inn plan frå Riksheimgjerde mot Straumsheim, i samsvar med tilstøytande sone SB10 i kommuneplanen, arealdelen (sjå utsnitt frå kommuneplanen under).



SB10 i kommuneplanen er 340 da og har eit tak på 3 bustadar. Ved samordning med ny kommunedelplan for Straumgjerde er arealet utvida med 118 da. Tak på bustadar vert auka til 5.

Vilkår for bygging er fastsett i føresegnene. Desse er uendra frå kommuneplanen. Vilkåra sikrar omsyn til verdifull dyrkajord, risiko, naturmangfald mm.

7.10 Omsynssoner (PBL § 11-8)

I planforslaget er det tatt inn omsynssoner for følgjande tema:

- H110 Sikringssone - nedslagsfelt drikkevatn Straumgjerde vassverk.
- H210/220 Støy – Trafikkstøy langs Fv60. Data frå Statens vegvesen.
- H310 Ras og skredfare – Kartlagte faresoner 2015 (NVE/NGU)
- H320 Flaumfare – Aktsemdsområde for flaumfare, jamfør data frå NVE
- H390 FlodbølgeOppskylling – Knytt til fjellskred i Åkneset.
- H530 Friluftsliv – Staleg sikra friområde og lokalt verdifullt friluftslivsområde.
- H560 Naturmiljø - Viktige naturtypar med verdi A og B (Naturbasen)
- H570 Kulturmiljø - Innspeil frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- H910 Detaljeringssone – område kor vedtatt reguleringsplan framleis skal gjelde.

Til sonene er det gitt retningslinjer for saksbehandling av tiltak innanfor sonene.

7.11 Arealrekneskap

Nye byggeområder i planforslaget

Arealføremål	Areal da
Bustad	6
Tenesteyting	2
Naust	0,4
Rorbu	0,6
Råstoffutvinning	6
Samla byggeareal	15

LNF - Spreidd busetting	118
-------------------------	-----

Areal tilbakeført til LNF

	Tidlegare arealbruk	Nytt arealbruk	Areal da
Hjellane	Bustadområde	LNF - skog	55
Straumsheim	Massetak	LNF - dyrkamark	30

7.12 Reguleringsplanar som framleis skal gjelde (PBL § 11-8 pkt f)

Plan-ID	Plannamn	Vedtaksdato
1528 2002008	Reg plan for Hagarden	16.12.2002
1528 1986004	Reg plan for Einane	10.12.1986
1528 1982004	Reg endring for Nordre del av Straumsreiten	19.07.1982
1528 1977002	Reg plan for Straumgjerde	03.06.1977
1528 1997007	Reg endring for Straumen friområde	13.10.1997
1528 1997005	Reg plan for Leirå	26.05.1997
1528 1995007	Reg plan for Industriområde Straumsheim	04.09.1995
1528 2003005	Reg plan for Industriområde Straumsheim – utviding	08.09.2003
1528 1997002	Bygnadsplan for naust Riksheim	08.04.1997
1528 1996005	Reg endring Straumgjerde Lars Lade	04.11.1996
1528 2007001	Reg plan G/S veg Straumgjerde - Stongarneset	29.10.2007

7.13 Oppheving av eldre planar

Følgjande eldre planar vert oppheva:

Plan-ID	Plannamn	Vedtaksdato
1528 1982002	Purkeneset	18.06.1982
1528 1996001	Reg plan for massetak Straumsheim	05.02.1996
1528 2003007	Kommunedelplan for Straumgjerde 2003 - 2014	27.08.2002